



Guro Lien  
Bjålivegen 49

3864 Rauland

### Delegert sak nr. 18/1

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2017/2836	317/2018	GBNR	05.01.2018

---

## Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - driftsbygning på gnr. 147/1 -

### Dokument i saka:

Søknad om kommunalt tilskot, datert 15.11.2017  
Søknad om investeringstilskot til Innovasjon Norge  
Vedtak om investeringstilskot til Innovasjon Norge, datert 22.11.2017  
Kostnadsoverslag, teikningar, driftsplan

### Bakgrunn:

Guro Lien søker om kommunalt tilskot til landbruksføremål i samband med overdraging av familiegarden Bjålid gnr. 147/1 på Rauland og oppstart av kjøtproduksjon. Driftsbygningen på garden blei bygd i 1983 for mjølkeproduksjon i lausdrift. Mjølkeproduksjonen blei avvikla i 2015 og mjølkekvota blei selt. Bygningen egner seg godt også for ammekyr, men krev likevel ein del endringar. Dette er stipulert til å koste 1,5 mill kroner for ein produksjon basert på 19 ammekyr.

Guro og ektefellen Morten Elgåen har baa vakse opp med gardsdrift. Dei har i dag maskinsamarbeid med to andre mjølkeprodusentar i nærleiken, kor dei tek slåtten i fellesskap. Dei har i eitt par år no jobba med planer om dyrehald, men to små barn og opprusting av jordvegen har fornuftig nok kome først. Søkarane er godt kompetente og motiverte for den vidare satsinga på garden.

Eigedommen Bjålid har godt arronderte og lett drivne jord – og beiteressursar tett på tunet. Det blei på 80-talet fulldyrka 145 dekar slåttemark på garden – der søker no er ferd med å vedlikehalde og fornye grøftene. Dei har og eitt godt skogsbeite i tilknytning til garden. Det er

få andre gardsbruk i Vinje som ligg så godt til rette for ei rasjonell ammekuproduksjon på dette nivået – basert på eigne ressursar utan leigejord.

Vinje kommune har dei siste åra opplevd ei auke i tal storfe og auka produksjon av storfekjøt. Kommune er i ferd med å få eitt ungt miljø av storfebønder, noko Guro og Morten syner at dei med sitt engasjement og ambisjonar vil vere ein del av, og vere med å bidra fagleg og sosialt. Dette er viktig for kommunen.

Morten vil søke om 50 % permisjon frå sin jobb, for på denne måten å bidra til finansieringa med eigeninnsats. Det er berekna eitt spreieareal på vel 80 da. Søker har ein utvendig gjødselkum på 500 m<sup>2</sup> i tillegg til kapasitet i kjeller på driftsbygning. Planlagt dyretal krev lagerkapasitet på omlag 340 m<sup>2</sup> for 8 månader – som også er minstekravet til lager for gjødselproduksjon. Utbygginga ser ut til å gje ei tilfredstillande økonomi på sikt – men med eitt par år med underskot under etableringa. Underskotet dekkast opp av løsinntekt – der det private forbruket likevel haldast stabilt på kr 400 000,- i følgje driftsplanen.

Søknaden er i tråd med kommune- og landbruksplanen for Vinje kommune, der pleie av kulturlandskap og stimulering av produksjon av storfekjøt er ein del av målsetjinga. Landbruk er sett på som ein viktig næring (i tillegg til reiselivet) i næringsplanen som blei vedteke tidlegare i år.

Innovasjon Norge har ytt eitt tilskot på kr 600 000,- til denne opprustinga av fjøset.

Søknaden er i tråd med føresegner for kommunale tilskot til landbruksføremål i Vinje kommune - der ein kan yte eitt tilskot på inntil 20 % av kostnadsoverslaget. Vi vil tilrå søknaden og gje tilsegn om eitt tilskot på kr 300 000,- til investeringa.

#### **Einingsleiar sitt vedtak:**

Vinje kommune, næringskontoret gjev i medhald av kommunalt regelverk Guro Lien eit tilsegn på tilskot kr 300 000,- til opprusting av driftsbygning på Bjålid gnr. 147/1 som omsøkt. Det vert sett følgjande vilkår:

1. Arbeidsfrist 31.12.2019
2. Prosjektet skal vere fullfinansiert før bygging
3. Det er søker sitt ansvar at bygging og drift blir gjort i tråd med gjeldane lover og reglar.
4. Sluttutbetaling skjer ved synfaring og dokumentasjon av kostnader
5. Skriftleg aksept av vilkår for tilskotet må vere returnert kommunen.

Med helsing

Toril Nicolaisen  
næringsjef

Thor Christiansen  
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.